



Aktsomhetsvurderinger for bærekraftig forretningspraksis

# Redegjørelse rapporteringsåret 2025 etter åpenheitslova.

for Lerum AS



*Etisk handel Norge har vurdert at rapporten til Lerum AS oppfyller våre krav til basisnivå. Les mer om basisnivå **her**.*



## FNs BÆREKRAFTSMÅL



## Til lesere av rapporten

Næringslivet, offentlig sektor og organisasjoner har stor påvirkning på mennesker, samfunn, miljø, klima og dyr. Virksomheter bidrar til utvikling, innovasjon og bedre levekår, men aktiviteten medfører også risiko og reell skade. Derfor har virksomheter en nøkkelrolle i arbeidet for å nå FNs bærekraftsmål og Parisavtalens 1,5-gradersmål. Dette gjøres best i samarbeid. Etisk handel Norge er en medlemsorganisasjon og flerpartssamarbeid med næringsliv, fagbevegelse, arbeidsgiverorganisasjoner, sivilsamfunn og offentlig sektor som sammen adresserer de komplekse utfordringene i de globale leverandørkjedene som den enkelte virksomhet ikke kan løse alene.

Åpenhet, ansvarlighet og kontinuerlig forbedring er grunnleggende i dette arbeidet. Denne medlemsrapporten kan brukes som redegjørelse etter åpenhetsloven, men favner bredere temaer som klima, miljø og antikorrupsjon. Vårt rammeverk bygger på FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter og OECDs modell for aktsomhetsvurderinger – internasjonale anerkjente standarder som ligger til grunn for Etisk handel Norges 13 prinsipper for bærekraftig forretningspraksis. Disse prinsippene omfatter menneskerettigheter, anstendig arbeid, miljø/klima, dyrevelferd og antikorrupsjon.

Alle medlemmer i Etisk handel Norge er forpliktet til å gjennomføre risikobaserte aktsomhetsvurderinger og årlig rapportere på fremdrift i et eget arbeid. Virksomheter på vårt kvalitetsnivå Basis tilfredsstillter åpenhetslovens krav til redegjørelse om aktsomhetsvurderinger. Medlemmer kan også strekke seg etter nivåene Gjennomfører og nå i 2026 Ledende.

Gode aktsomhetsvurderinger handler ikke om å være «risikofri», men om å være transparent og systematisk: å identifisere risiko, forebygge og redusere negativ påvirkning, kommunisere åpent om håndtering og – der det er nødvendig – bidra til gjenoppretting.

Jeg vil takke alle medlemmer for innsatsen, åpenheten og viljen til å bidra til ansvarlige leverandørkjeder. Sammen viser vi hvordan ansvarlig handel kan være til det beste for mennesker, dyr, samfunn og miljø.

**Heidi Furustøl**


*Daglig leder*

Etisk handel Norge

# Aktsomhetsvurderinger

Denne rapporten er bygget rundt FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter og OECDs modell for aktsomhetsvurderinger for ansvarlig næringsliv.

Modellen har seks trinn som beskriver hvordan virksomheter kan jobbe for mer ansvarlig og bærekraftig forretningspraksis. Å være god på aktsomhetsvurderinger betyr ikke at en virksomhet ikke har negativ påvirkning på mennesker, samfunn og miljø, men heller at virksomheten er åpen og ærlig om utfordringer og håndterer dette på best mulig måte i samråd med sine interessenter. Denne rapporten er delt inn i kapitler basert på denne modellen.



# Forord av daglig leder

Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har Lerum laga produkt av frukt og bær i Sogn. Vi kombinerer norske tradisjonar med kunnskap om foredling og ernæring, i tråd med trendane i marknaden og preferansane hjå forbrukarane. Det heile starta med to stampar bær som vart ståande att på kaien på Sørheim då dei skulle sendast til Bergen ein augustdag i 1907. Vi kan ikkje kaste bær, sa Kari Lerum. Og slik oppstod Lerum. Sidan den gong har vi sylta og safta bær gjennom fire generasjoner med handverkstradisjonar, og vore ein pådrivar for lokal utvikling.

I Lerum er kulturen bygt på verdiane ekte, stolt, ærleg og engasjert. I tillegg skal vi kvar dag tenkje på korleis vi kan TA VARE PÅ naturen, foredlinga, ernæringa, mennesket og lokalsamfunnet. Det handlar om å bygge kulturen vidare. Berekraft må ligge i ryggmargsrefleksen. Og vi må ha alle tilsette med på laget.

Vi har derfor definert dei 5 områda for berekraft (TA VARE PÅ) som ein premiss i det strategiske arbeidet vårt. Slik har vi som mål å ha eit verktøy som bidreg til at vi klarer å lage gode handlingsplanar for det kommande året. Vi har også vårt eige klimarekneskap.

Vi trur at små forbetringar kvar dag gir gode resultat til slutt. Det å arbeide med berekraft er moro. Det handlar om å ta dette vanskelege omgrepet ned til noko vi kan gjere noko med her vi er no. Skal vi få til dette, må vi knyte på FN sitt berekraftsmål nummer 17 – samarbeid. For skal vi få til noko stort på ein liten plass, må vi løfte saman med forbrukarar, tilsette, næringsliv, lokalsamfunnet og myndigheiter.

Ved å vere medlem i Etisk Handel Norge har vi forplikta oss til å fremje ansvarleg forretningspraksis i leverandørkjeda slik at handel bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettigheiter, samfunn og miljø. Ved å vere medlem får vi tilgang til individuell rådgiving og oppfølging, kurs, ressursar og verktøy slik at vi kan arbeide med kontinuerlege forbetringar på dette området. Det har vore særst nyttig i året vi legg bak oss.

Vi gledar oss til å halde fram arbeidet.










**" Vi trur at små forbetringar kvar dag gir gode resultat til slutt. Det å arbeide med berekraft er moro. Det handlar om å ta dette vanskelege omgrepet ned til noko vi kan gjere noko med her vi er no. "**

*Trine Lerum Hjellhaug*

Trine Lerum Hjellhaug  
Administrerende direktør

# Styrets signatur

## Rapportering\_EHN Rapport 2025

Name	Date	Name	Date
Lerum, Grethe Kristin	2026-03-27	Klakegg, Stein Norvald	2026-03-27
Identification		Identification	
 bankID Lerum, Grethe Kristin		 bankID Klakegg, Stein Norvald	
Name	Date	Name	Date
Hjellhaug, Trine Lerum	2026-03-26	Tysland, Sverre Sellæg	2026-03-26
Identification		Identification	
 bankID Hjellhaug, Trine Lerum		 bankID Tysland, Sverre Sellæg	
Name	Date	Name	Date
Aasheim, Kristine	2026-03-26	Bondevik, Gro Lerum	2026-03-26
Identification		Identification	
 bankID Aasheim, Kristine		 bankID Bondevik, Gro Lerum	
Name	Date	Name	Date
Orrestad, Stian	2026-03-26	Fjelltun, Oddbjørg	2026-03-26
Identification		Identification	
 bankID Orrestad, Stian		 bankID Fjelltun, Oddbjørg	
Name	Date		
Lerum, Kurt	2026-03-26		
Identification			
 bankID Lerum, Kurt			



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))

25.03.2026

# Nøkkelinformasjon om virksomheten og leverandørkjeden

## Nøkkelinformasjon om virksomheten

### Navn på virksomheten

Lerum AS

---

### Adresse hovedkontor

Kloppavegen 13, 6854 Kaupanger

---

### Viktigste merker, produkter og tjenester

Soft, syltetøy, jus, brus og leskedrikk, samt soft, syltetøy og jus med kjedane sine egne merker og fruitprep til industri.

---

### Beskrivelse av virksomhetens struktur

Lerum AS er ei familieeigd verskemd som sidan 1907 har foredla frukt og bær med stolte handverkstradisjonar. I tillegg har vi vore ein pådrivar for lokalsamfunnet vi er ein del av. I Lerum skal vi ta vare på naturen, foredlinga, ernæringa, menneske og lokalsamfunnet.

I 2018 flytta Lerum hovudkontor, syltetøyproduksjonen og lager for å samlokalisere all drift i eitt bygg på Kaupanger.

Verksemda er organisert med ein funksjonell organisasjonsstruktur der innovasjon, utvikling og berekraft legg grunnlaget for vekst.

Verdiane som ligg i kjernen til verksemda er: ekte, stolt, ærleg og engasjert.

---

### Omsetning i rapporteringsåret (NOK)

935 833 688

---

### Antall ansatte

137

---

### Er virksomheten omfattet av åpenhetsloven?

Ja

---

### Vesentlige organisatoriske endringer siden forrige rapportering og denne rapportens tidsperiode

Ingen vesentlege endringar sidan sist rapport.

---

**Navn, tittel for kontaktperson for rapporten**

Eunsun Park, Innkjøper og Etisk Handel Ansvarleg

---

**E-post adresse for kontaktperson for rapporten**

eunsun.park@lerum.no

---

## Informasjon om leverandørkjeden

### Generell beskrivelse av virksomhetens innkjøpsmodell og leverandørkjede

Lerum har ei lang og omfattande internasjonal leverandørkjede. Denne omtalen er om våre innkjøp av råvarer og emballasje, ikkje indirekte innkjøp.

Lerum kjøper i hovudsak råvarer og emballasje direkte frå produsentar (63 %), medan ein mindre del (37 %) vert kjøpt via agentar eller mellomledd.

Lerum har oversikt over, og arbeider systematisk med å følgje opp, kvar innsatsfaktorane vi kjøper inn vert produsert. Vi ynskjer å ha så direkte kontakt som mogleg med dei som produserar varer til oss og på den måten komme nær våre innkjøp for å sikre god kontroll og oversikt over leverandørkjeda.

Lerum har over mange år etablert eit godt system for leverandørgodkjenning der vi set krav til våre leverandørar på blant anna kvalitet, etisk handel og miljø. Vi har langsiktige relasjonar med dei fleste av våre leverandørar og jobbar kontinuerleg med dei for å sikre at våre etiske retningslinjer vert følgde. Gode og langvarige leverandørforhold sikrar god kommunikasjon og vilje til forbetring hjå leverandørane.

Vi har ein leverandørgodkjenningsprosess der vi vurderer nye leverandørar opp mot ei rekke kriteriar: GFSI-sertifisering, etisk handel, risikovurdering, strategisk viktig leverandør, kapasitet og leveringsdyktigheit, økonomi og eigarforhold, monopolsituasjon, kvalitetssystem, servicegrad og samarbeidsevne, teknisk kompetanse og rapportar frå leverandørrevisjon/besøk.

---

### Antall leverandørar som virksomheten har hatt kommersielle relasjonar med i rapporteringsåret

75


---

### Kommentar til antall leverandørar

Lerum jobbar for gode og langvarige leverandørforhold og har eit oppfølgingssystem i excel som er utvikla over lang tid og fungerer godt. Nye leverandørar vert valgt ut med forsiktigheit og går gjennom ein leverandørgodkjenningsprosess på tvers av fleire avdelingar. I praksis vert dette utført årleg der alle avdelingar vert samla og i den daglige drifta vert det utført av personen med ansvar for etisk handel innad i bedrifta.

---

## Type innkjøp/ leverandørforhold




Hovuddelen av produkta vert produsert ved vårt eige anlegg på Kaupanger. I rapporteringsåret 2025 vart enkelte produkt produsert av ekstern samarbeidspartnar, til dømes 0,25 L juice.

Innkjøpsprosentane er baserte på omsetning for 2025.

I tråd med handlingsplanen arbeider Lerum med å redusere bruk av mellomledd i utvalde kategoriar, mellom anna for aroma og konsentrat, for å styrkje direkte leverandørrelasjonar og betre sporbarheit i leverandørkjeda.

### Liste over førsteleddsprodusenter per land



Risikokartlegginga omfattar også enkelte land som Tyrkia og Egypt, som i generelle risikovurderingar kan score høgt på risiko knytt til menneskerettar og arbeidsforhold.

Desse landa er likevel ikkje prioriterte i denne rapporten, då Lerum i avgrensa grad har direkte leverandørforhold eller vesentlege innkjøp frå desse områda.

I rapporteringsåret utgjorde innkjøp frå Tyrkia om lag 0,3 % av det totale innkjøpsvolumet.

Prioriteringa av risiko i rapporten er derfor basert på dei leverandørkjedene der Lerum har størst innkjøpsvolum og moglegheit for oppfølging.

---

### Oppgi antall arbeidere hos førsteleddsprodusenter

#### Antall arbeidere

15 622

---

#### Kommentar til antall arbeidere

Tala er henta frå fjorårets rapporterte data

---

## Viktigste innsatsfaktorer/råvarer for produkter eller tjenester og geografi

<b>Konsentrat</b>	Brasil Kina Tyskland Spania Nederland Norge Polen Sverige
<b>Frukt og bær</b>	Spania Norge Polen Sverige
<b>Sukker og søtning</b>	Belgia Kina Storbritannia Nederland USA
<b>Aroma</b>	Sveits Tyskland Nederland
<b>Emballasje</b>	Tyskland Danmark Litauen Nederland Norge Serbia
<b>Hjelpestoff</b>	Kina Danmark

Basert på leverandører av råvarer og emballasje med innkjøpsomsetning > kr. 5 mil. i rapporteringsåret.

Er virksomheten leverandør til offentlig sektor?

Ja

## Mål og fremdrift

### Prosessmål og fremdrift i rapporteringsåret

1

**Mål:** Revisjon av 3 norske bær-leverandører

Revisjon 2025:

**Status:**

Vi har revidert ein norsk bær-leverandør i 2025.

Ein revisjon blei avlyst fordi leverandøren slutta som bær-produzent.

Den siste revisjonen blei utsatt fordi leverandøren jobba med omlegging av kvalitetssystemet.

2

**Mål:** Utsending av SAQ til 100 leverandører / fabrikkar

Avtalen med Factlines blei avslutta i november 2024. Lerum startet opp med Sedex i april 2025 som

erstatning. Gjennom Sedex har vi tilgang til SAQ for alle leverandører som er Sedex medlem. Vi

**Status:**

jobbar aktivt for linke oss opp mot alle leverandører som er medlem. Dette arbeidet skal fortsette i 2026.

3

**Mål:** Etablere rutine for ansvarleg innkjøpspraksis i kvalitetssystemet

**Status:**

Våre etiske retningslinjer for leverandører og policy for berekraftig forretningspraksis blei oppdatert i 2025.<https://www.lerum.no/rapporter>

---

### Prosessmål for kommende år

1

Koble alle relevante leverandører til SEDEX og systematisk bruke data i risikovurdering og leverandørøppfølging.

2

Arbeide vidare med Employer Pays Principle (EPP) i Sverige i samarbeid med relevante aktørar.

3

Undersøkje leverandører av appelsinkonsentrat i Brasil.



# 1

## Forankring av bærekraft i virksomheten

Forankring av ansvarlighet knyttet til bærekraftig forretningspraksis i virksomheten handler om å ha strategier, planer, relevante policyer og retningslinjer for aktsomhetsvurderinger som er vedtatt av ledelsen. Disse bør omfatte hele virksomheten, samt virksomhetens leverandørkjede og forretningsforbindelser. Effektive styringsystemer for implementering er en forutsetning for å lykkes, og arbeidet med aktsomhetsvurderinger bør være en integrert del av virksomhetens forretningsdrift. Tydelige forventninger fra toppledelsen, samt tydelig plassering av ansvar innad i virksomheten for implementering av de ulike delene av aktsomhetsvurderinger er viktig. Alle involverte må vite hva de skal gjøre. Åpenhet om forpliktelser virksomheten har til seg selv, utfordringer de står overfor og hvordan dette håndteres, er vesentlig.

## 1.A Policy for egen virksomhet

### 1.A.1 Lenke til offentlig tilgjengelig policy for egen virksomhet

[https://static1.squarespace.com/static/5b6d8802e7494079f83e29e3/t/67f8b496ecdd180ff95b1ff3/1744352407330/Lerym+AS\\_Oppdatering+Policy+for+berekraftig+forretningspraksis\\_vedteken+i+styret+17.3.2025.pdf](https://static1.squarespace.com/static/5b6d8802e7494079f83e29e3/t/67f8b496ecdd180ff95b1ff3/1744352407330/Lerym+AS_Oppdatering+Policy+for+berekraftig+forretningspraksis_vedteken+i+styret+17.3.2025.pdf)

---

### 1.A.2 Hva sier virksomheten offentlig om sine forpliktelser til å respektere mennesker, dyr, samfunn og miljø?

Lerum AS formidler sine forpliktelsar til å respektere menneske, samfunn og miljø gjennom heimesida vår, CoC, policy for berekraftig forretningspraksis og rapportering til EHN.

I våre interne retningslinjer og etiske retningslinjer for leverandørar beskriv vi forpliktelsane til menneske, samfunn og miljø. Gjennom CoC til leverandørane set vi også krav og forventningar til dei. Dette er vidare forankra i policy for berekraftig forretningspraksis.

Sjå:

<https://www.lerum.no/berekraft>

<https://www.lerum.no/rapporter>

---

### 1.A.3 Hvordan er policy for egen virksomhet blitt utviklet og forankret?

Dei interne etiske retningslinjene for Lerum blei vedtekne i 2011 av styret og er utvikla i samarbeid med EHN.

Vi har jobba løpande med utvikling av desse retningslinjene for å møte framtida på ein god måte. Det er viktig for oss å presisere at vi ønskjer å vere framoverlente med berekraftsarbeidet og at dette er eit viktig satsingsområde for Lerum.

Sist oppdatering vart gjort i 2025. I denne oppdateringa vart det lagt til eit nytt punkt om dyrevelferd i dei interne etiske retningslinjene. Punktet presiserer at dyrevelferd skal respekterast, at tiltak bør setjast i verk for å minimere negativ påverknad på produksjonsdyr og arbeidsdyr, og at nasjonal og internasjonal lovgiving knytt til dyrevelferd skal følgjast.

Våre etiske retningslinjer for leverandørar vart først forankra i styremøte i 2012, og Lerum har sidan oppdatert og fornya denne løpande. Retningslinjene er i tråd med Etisk Handel Norges prinsipperklæring og seier også noko om kva våre leverandørar og samarbeidspartnarar kan forventast av oss som verksemd. Den inneheld aktuelle ILO-konvensjonar.

Ulike interne dokument og prosedyrar har vorte oppdatert til å omfatte etiske- og miljømessige krav. Dokumenta er integrert i vårt styrande dokument/kvalitets-system og vart oppdatert løpande. Dette omfattar vårt spørjeskjema som vart nytta som eit kartleggingsverktøy for utvalde leverandørar av råvarer og emballasje, særleg der risikovurderinga tilseier behov for nærare oppfølging.

I 2021 utarbeida Lerum ein policy for berekraftig forretningspraksis som er i tråd med Etisk Handel Norge sin prinsipperklæring og set krav til aktsemdsvurderingar. Denne policyen vart oppdatert i 2025 og er forankra i kvalitets-systemet vårt og vart såleis løpande oppdatert for å møte krav til forbrukarar, kundar, leverandørar og styresmakter.

Retningslinjene vart kommuniserte til tilsette gjennom interne rutinar, opplæring og leiingssystemet. For leverandørar vart krava formidla gjennom Lerum sine etiske retningslinjer for leverandørar, kontraktsvilkår og dialog i leverandør oppfølginga.

## 1.B Organisering og internkommunikasjon

### 1.B.1 Hvordan er arbeidet med aktsomhetsvurderinger organisert i virksomheten, forankret i interne retningslinjer og rutiner?

Arbeidet med berekraftig forretningspraksis er godt forankra i bedrifta, både i leiinga og på tvers av avdelingar, samt i vårt kvalitetssystem.

Administrerende direktør har det overordna ansvaret for berekraftsarbeidet til Lerum, medan personen med operativt ansvar for arbeidet med etisk handel i Lerum jobbar i innkjøpsavdelinga som skapar ei god oversikt over leverandørkjeda og eventuelle problemstillingar. Vi har interne retningslinjer for godkjenning av eksisterande leverandører og nye leverandører. Dette gjeld òg for tenesteleverandørane våre.

Arbeidet med aktsemdsvurderingar er plassert hjå personen i innkjøpsavdelinga. Bakgrunnen er at innkjøp er den avdelingen som jobbar tettast på leverandørane og for Lerum har det fungert godt å inkludere etisk handel arbeidet i innkjøpsavdelinga.

Innkjøpsavdelinga v/ innkjøpssjef rapporterar minimum tertialvis til leiargruppa og elles ved behov. Til dømes ved revisjon og/eller leverandørmøter.

I 2024 blei vi med i eit prosjekt i regi av Etisk Handel Sverige kalla Wild Berry Initiative. Prosjektgruppa har 4 hovudmål i perioden 2024-2026.

1. EPP: Førebu implementeringa av EPP i samsvar med Amfori BSCI sin CoC og IRIS-standard.
2. Klageordning: Styrke inkluderings av arbeidarar gjennom å innføre effektive klageordningar, og sikre at brot på arbeidarrettar vert avdekka.
3. Rettferdig kompensasjon gjennom openheit og sporbarheit: Sikre at rettferdig løn og gjennomsiktige arbeidsvilkår er dokumenterte og i samsvar med IRIS og etisk rekruttering.
4. Legge til rette for tilgang til oppreising: Sørge for at arbeidarar får rettferdig kompensasjon ved tap av løn før eller under oppholdet.

---

### 1.B.2 Hvordan blir betydningen av virksomhetens aktsomhetsvurderinger konkretisert og tydeliggjort for de ansatte gjennom stillingsbeskrivelse (eller lignende), arbeidsoppgaver og insentivordninger?

Ansvar for arbeidet med berekraftig forretningspraksis er beskrive i stillingsinstruksane for dei relevante tilsette. Instruksane finst i Personalhandboka på intranettet, samt etiske retningslinjer for verksemda.

Informasjon om vårt arbeid med etisk handel er inkludert i vårt introduksjonsprogram til nytilsette. Programmet sikrar at dei får ei innføring i ansvarleg innkjøp, og informasjon om vårt medlemskap med Etisk handel Norge når dei startar i jobb hjå Lerum AS.

Tema vert teke opp på ulike interne møte, avdelingsmøte og informasjonsmøte.

Ved utarbeiding av policy for berekraftig forretningspraksis, delte leiinga i Lerum denne internt for å gjere alle dei tilsette oppmerksom på innhaldet.

### **1.B.3 Hvordan sikres det at relevante ansatte har tilstrekkelig kompetanse til å gjennomføre arbeidet med aktsomhetsvurderinger?**

Relevante tilsette deltek jamleg på eksterne kurs, seminar og webinar for å styrkje kompetansen innan ansvarleg leverandørkjede og aktsomheitsvurderingar.

Den tilsette med operativt ansvar for arbeidet med etisk handel i Lerum deltek mellom anna i workshopar, kurs og webinar arrangert av Etisk handel Norge og andre relevante fagmiljø for å halde seg oppdatert på utviklinga innan ansvarleg næringsliv.

Behovet for kompetanseheving vert identifisert gjennom årlege medarbeidarsamtalar. Ved behov nyttar selskapet òg relevante opplæringstilbod for å styrkje kompetansen innan aktsomheitsvurderingar og risikokartlegging.

Selskapet arbeider òg kontinuerleg med å styrkje intern kompetanse gjennom relevante prosjekt og samarbeid (sjå òg punkt 1.B.1).

---

## 1.C. Planer og ressurser

### 1.C.1 Hvordan er virksomhetens forpliktelser til å respektere mennesker, samfunn, dyr og miljø forankret i strategier og handlingsplaner?

I denne strategiperiode har vi valgt ut 5 områder som vi har ekstra fokus på:

Naturen: Redusere klimaavtrykket og sikre framtidig vekstvilkår for frukt og bær.

Foredling: Foredle frukt og bær, frå hausting til emballering av sluttprodukt.

Ernæring: Å auke det ernæringsmessige utbytte ved konsum av våre produkt.

Menneske: Tilfredsheit og livskvalitet for tilsette i Lerum og våre underleverandørar, samt forbrukarane si tilfredsheit med våre produkt og vår merkevare.

Lokalsamfunnet: Utvikle samfunnet som vi er ein del av gjennom samarbeid og auke kjærleiken til frukt og bær for alle.

Vidare frå desse fokusområda har vi valgt ut dei FN-måla vi jobbar mot:

Mål 3: Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder

Mål 8: Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle

Mål 11: Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige

Mål 12: Sikre bærekraftig forbruks- og produksjonsmønstre

Mål 13: Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem. Målet er å begrense den globale temperaturstigningen til godt under 2 grader celsius.

Implikasjonane for vår verksemd er at desse strategiane dannar føringane for våre handlingsplanar og vårt daglege verke. Utføring av handlingsplanar og strategi vert fulgt opp i interne møter avdelingsvis og med leiing.

Dei siste åra har vi jobba for å bli meir tydelege på berekraft og vi har blant anna utarbeida eit berekraftstatement og jobba med ein framtidretta berekrafts-strategi. Vi ynskjer å vere tydelige på kva vi jobbar mot og kva mål vi har. Vi har utarbeida ein policy for berekraftig forretningspraksis som blei godkjent og vedtatt i 2021. Denne vert løpande oppdatert.

Lerum har utarbeida miljørekneskap dei siste åra som legg grunnlaget for våre handlingsplanar knytt til reduksjon av CO2-utslepp.

---

### 1.C.2 Hvordan følges strategier og planer for bærekraftig forretningspraksis opp av ledelse og styre?

Utføring av vedtekne strategiar vert gjort ved hjelp av handlingsplanar. Vedtekne handlingsplanar, status og framdrift på desse, vert fulgt opp i leiingsmøte og rapportert til styret løpande. Det er handlingsplanar for kvar avdeling med frist tertialvis. Leiarane i dei ulike avdelingane har ansvar for oppfølging av handlingsplanane.

---

## 1.D Partnerskap og samarbeid med leverandører og forretningsforbindelser

### 1.D.1 Hvordan tydeliggjør virksomheten viktigheten av bærekraftig forretningspraksis i møte med leverandører og forretningsforbindelser?

Våre etiske retningslinjer for leverandører er vedtekne for å tydeleggjere krav og forventningar til våre forretningsforbindelsar knytte til berekraftig forretningspraksis. Vi formidlar våre forventningar om at leverandørane arbeider målretta og systematisk for å etterleve våre etiske retningslinjer (eller sine egne etiske retningslinjer), og at desse vert vidareformidla og følgde opp hjå underleverandørane deira.

Etter innkjøpsvolum har 100 % av våre leverandører godkjent våre etiske retningslinjer eller har tilsvarende retningslinjer. Dette er vi stolte av.

Målet med dei etiske retningslinjene våre vert kommunisert gjennom ulike kanalar, avhengig av leverandør og situasjon. Dette kan vere skriftleg ved utsending av retningslinjene eller gjennom dialog i møte eller ved leverandørbesøk.

For oss er det effektivt og praktisk å bruke same høve til å formidle våre kvalitetskrav, etiske krav og forventningar, samt kva leverandørane kan forvente frå oss i samband med vår innkjøpspraksis.

Etiske retningslinjer er integrerte i vårt standard avtaleverk for leverandører.

Retningslinjene er tilgjengelege på norsk og engelsk. For våre leverandører i Polen nyttar vi ein lokal agent som tolk, og i Kina har vi mellomledd som kan hjelpe med tolking og forståing av CoC.

I rapporteringsåret har selskapet hatt berekraftsdialog med enkelte leverandører, og ved behov vert det gjennomført dokumentgjennomgang, vurdering av sertifiseringar eller tredjepartsrevisjonar som del av oppfølginga av dei etiske retningslinjene. Gjennom denne oppfølginga arbeider selskapet med å bidra til forbetringar i leverandørane si praksis og berekraftsarbeid.

Per i dag har vi ikkje etablert konkrete indikatorar for å måle omfanget av leverandørdialog, dokumentgjennomgang eller oppfølging av forbetringstiltak.

Dette er likevel eit område vi ønskjer å utvikle vidare. Framover vil vi arbeide med å etablere meir strukturerte indikatorar knytte til:

- andel leverandører med gjennomført berekraftsdialog
- andel leverandører som er gjenstand for dokumentgjennomgang eller revisjon
- oppfølging av forbetringstiltak og framdrift


Dette vil bidra til å styrkje systematikken i leverandør oppfølginga og gi betre grunnlag for å måle effekt av arbeidet.

Lenkje til retningslinjer: <https://www.lerum.no/rapporter>

---

## Indikator

## Andel av bedriftens leverandører som har akseptert retningslinjer for leverandører



Basert på innkjøpsomsetnad for rapporteringsåret.

I vidare rapportering vil vi vurdere å inkludere meir konkrete indikatorar, til dømes tal på leverandørar i forbedringsdialog og gjennomførte revisjonar, for å synleggjere oppfølginga av leverandørkjeda.

## 1.E Erfaringer og endringer

### 1.E.1 Hvilke erfaringer har virksomheten gjort seg om arbeidet med bærekraftig forretningspraksis i rapporteringsåret, og hva har endret seg som et resultat av dette?

I rapporteringsåret har vi fortsatt hatt fokus på norske- og nordiske bær. Det er ein viktig innsatsfaktor for oss og vi ynskjer å vere ein synleg aktør som jobbar med forbetring i bransjen.

I 2025 oppdaterte vi både policy for bærekraftig forretningspraksis og dei etiske retningslinjene. Oppdateringa inneheldt mellom anna presiseringar knytte til openheitslova, leverandøroppfølging og dokumentasjonskrav i leverandørkjeda, samt styrking av krav til aktsomheitsvurderingar og ansvarleg forretningspraksis.

Andelen innkjøp frå GFSI-godkjende leverandørar var 95,73 % i 2025 mot 96,28 % året før. Nedgangen kjem hovudsakleg av auka innkjøp av norske råvarer frå små-produsentar utan slik sertifisering.

Samtidig arbeider Lerum aktivt for å auke andelen råvarer frå leverandørar med GFSI-godkjend sertifisering. Dette skjer mellom anna gjennom dialog med leverandørar, vurdering av sertifiseringar som del av leverandøroppfølginga, og ved å oppmode leverandørar til å vidareutvikle system for mattryggleik og kvalitet.



2

Fastsette fokus for rapporten

## Kartlegging av virksomhetens påvirkning på mennesker, dyr, samfunn og miljø

Kartlegging handler om å identifisere virksomhetens risiko for, og faktiske negative påvirkning/ skade, på mennesker, dyr, samfunn og miljø, inkludert i leverandørkjeden og gjennom forretningsforbindelser. Det handler om å først danne seg et overordnet risikobilde, for så å prioritere mest vesentlige risikoområder for grundigere kartlegging og håndtering av funn. Hvordan virksomheten er involvert i eventuell negativ påvirkning på mennesker, dyr, samfunn og miljø, er sentralt for å avgjøre riktig respons og tiltak. Involvering av interessenter, spesielt påvirkede parter, er sentralt i kartleggingsarbeidet, så vel som i tiltak for å håndtere utfordringene på en god måte.

## 2.A Kartlegging og prioritering

### PRIORITERT NEGATIV PÅVIRKNING/SKADE FOR MENNESKER, DYR, SAMFUNN OG MILJØ

Å prioritere en eller flere risikoområder på bakgrunn av alvorlighetsgrad, betyr ikke at noen risiko er viktigere enn andre, eller at virksomheter ikke gjør noen med annen risiko, men at det som har størst negativ påvirkning prioriteres først. Kartlegging og prioritering er en kontinuerlig prosess.

#### 2.A.1 List opp prioritert risiko for potensiell og/ eller faktiske negative konsekvenser for mennesker, dyr, samfunn og miljø.

Prioritert risiko	Relatert tema	Geografi
Utnytting av migrantarbeidarar / sesongarbeidarar	Tvangsarbeid Lønn Arbeidstid	Finland Norge Sverige
Arbeidstakarrettar	Tvangsarbeid Fagorganisering og kollektive forhandlinger Diskriminering Helse, miljø og sikkerhet Arbeidstid	Brasil Kina Serbia
Klimautslipp	Miljø Utslipp	Norge

Sesongavhengige frukt og bær har generelt høg risiko for oss, både i Noreg, Norden og utlandet elles. Konsentrat primært frå Brasil har òg høg risiko for oss, i tillegg til enkelte hjelpestoff som vi kjøper frå Kina.

Indirekte leverandørar og tenesteleverandørar er i denne kartlegginga i mindre grad inkluderte, basert på ei risikobasert prioritering.

Desse landa er likevel ikkje prioriterte i denne rapporten, då Lerum i avgrensa grad har direkte leverandørforhold eller vesentlege innkjøp frå desse områda. I rapporteringsåret utgjorde innkjøp frå Tyrkia om lag 0,3 % av det totale innkjøpsvolumet.

Vi har ikkje hatt innkjøp frå Egypt i rapporteringsåret, og landet er derfor ikkje inkludert i prioriteringane i denne rapporten.

## BEGRUNNELSE FOR HVORFOR DISSE UTFORDRINGENE ER PRIORITERT SOM MEST VESENTLIGE FOR MENNESKER, DYR, SAMFUNN OG MILJØ

**2.A.2 Beskriv: a) virksomhetens rutiner for kartlegging og identifisering av risiko og hvordan den risikoen ble identifisert og prioritert b) eventuelle deler av virksomheten som ikke er dekket i kartleggingen (produktgrupper, egne produkter, avdelinger eller lignende) og hvorfor c) hvordan informasjon ble hentet inn, hvilke kilder som er benyttet og hvilke interessenter som er involvert d) om det er identifisert områder hvor det er manglende informasjon for å vurdere risiko og hvordan dere vil gå frem for å få mer informasjon om dette.**

I Lerum har vi veletablerte prosedyrer og rutiner for godkjenning og evaluering av leverandørane våre. Vi har god oversikt over kvar innsatsfaktorane våre er produsert.

a) Vi har årleg ein risikovurdering og sårbarheitsvurdering av råvarer og emballasje som identifiserer risiko. Det er eit team med innkjøp, PU og lab.

Risikobiletet vert gjennomgått årleg, og i 2025 vart vurderinga oppdatert som del av den løpande oppfølginga av leverandørkjeda. Analysen viste i hovudsak det same overordna risikobiletet som tidlegare år, men vert jamleg oppdatert basert på ny informasjon frå leverandørar, sertifiseringar og eksterne kjelder.

b) Leverandørevaluering blir utført årleg. Her vert alle leverandørar av råvarer og emballasje vurdert opp mot ei rekke kriterier samt erfaringar i bransjen og arbeidet med etisk handel. I tillegg utfører vi årlege risiko- og sårbarheitsanalyser der vi går gjennom alle råvarer og emballasje og ser på kva risiko / sårbarheit desse ulike råvarene og emballasjen har. Det blir sett igang tiltak for dei råvarene/emballasjen med størst risiko/sårbarheit.

Kartlegginga omfattar råvarer og emballasje, medan indirekte innkjøp og tenesteleverandørar i mindre grad er inkludert, då desse vert vurdert å ha lågare risiko for negativ påverknad.

Indirekte innkjøp og tenesteleverandørar vert likevel vurderte gjennom andre interne rutinar for leverandør oppfølging og kontraktsstyring.

c) Vi har tidlegare sendt ut SAQ til alle leverandørar for å innhente informasjon. Frå 2025 har vi gått over til Sedex for å hente inn data på sosiale- og miljømessige hensyn. Kvalitet er dekkja gjennom GFSI-akkreditert sertifisering og/eller SAQ/revisjon. Dei leverandørane som ikkje er GFSI-sertifisert vert revidert av oss eller må dei svare ut vår SAQ.

Enkelte land kan kome ut med høg risiko i generelle indeksar, til dømes Tyrkia og Egypt. Desse landa er likevel ikkje prioriterte i rapporteringsåret då Lerum i avgrensa grad eller ikkje har direkte leverandørforhold i desse landa.

d) Kilder og informasjon

Etisk Handel Norge er ei nyttig informasjonskilde vi brukar aktivt.

Lerum sjekkar eksistensen av ILO-konvensjonar, og etter behov samlar vi inn landsrapportar frå US Department of State om menneskerettigheitspraksis.

Vi har eit overordna risikobilet på landsnivå som vert oppdatert løpande og er basert på følgjande kjelder og indeksar:

- Transparency International Corruption Perceptions Index
- Environmental Performance Index
- International Trade Union Confederation Global Rights Index
- List of Goods Produced by Child or Forced Labour

I tillegg nyttar vi interne analysar som risikokategorisering og sårbarheitsanalyser for å støtte vurderinga av leverandørkjeda. Desse analysane gir eit betre grunnlag for å identifisere og prioritere risiko knytt til råvarer og emballasje.

Arbeidet med risikovurderingar omfattar fleire datakjelder og vert oppdatert jamleg. Lerum vurderer også løpande korleis arbeidet kan vidareutviklast og effektiviserast, til dømes gjennom bruk av digitale verktøy og relevante bransjeverktøy som Etisk Handel Norge sitt risikoverktøy.

---

## ANNEN NEGATIV PÅVIRKNING/SKADE

### **2.A.3 Beskriv annen risiko for negativ påvirkning/skade på mennesker, dyr, samfunn og miljø som ble identifisert men ikke prioritert, og hvordan disse er håndtert**

Hausten 2022 kom det ei sak i media om ein leverandør i Sverige/Finland med påstandar om brot på den nye BerryLex-lova i Finland, som regulerer krav til føretak som engasjerer bærplukkarar. Det har òg vore fleire mediasaker om bærindustrien i Sverige og Finland i 2023 og 2024, noko som synleggjer utfordringar i bransjen. Saka har Lerum følgd opp dei siste åra, og vi vurderer ho framleis som relevant i 2025. Det har ikkje kome nokon endeleg avgjerd i saka i 2025.

Forholda nedanfor er vurderte som dei mest relevante risikoområda i lys av arbeidet med Employer Pays Principle (EPP) i bærbransjen. Lerum deltek i bransjedialog og initiativ knytte til dette arbeidet, og vurderer løpande korleis vi kan bidra til forbetringar i leverandørkjeda.

Vi har framleis arbeid som står att med oppfølging av tidlegare revisjonar i Sverige. Grunnen til at desse revisjonane ikkje har blitt lukka, er at det ikkje kom organiserte bærplukkarar til Sverige i 2024 eller 2025.

Risiko knytt til:

- Reiseutgifter og andre kostnader
- Timelister
- Bustadforhold

Desse risikoområda vert følgde opp vidare gjennom dialog med leverandørar, bransjeinitiativ og relevant informasjonsinnhenting.

### 3

#### Håndtering av prioritert påvirkning

## Stanse, forebygge eller redusere negativ påvirkning

Stanse, forebygge eller redusere handler om å håndtere funn fra kartleggingen på en god måte. Virksomhetens mest vesentlige negative påvirkning på mennesker, dyr, samfunn og miljø prioriteres først. Dette betyr ikke at annen risiko er uvesentlig eller at det ikke håndteres. Hvordan virksomheten er involvert, er sentralt for å treffe riktige tiltak. Faktisk negativ påvirkning/skade som virksomheten forårsaker eller bidrar til må stanses, forebygges og reduseres. Virksomheter som er direkte forbundet med negativ påvirkning må bruke sin innflytelse til å få forretningsforbindelser (f.eks. leverandører) til å stanse, forebygge og redusere dette. Dette innebærer å utvikle og iverksettes planer og rutiner for å håndtere risiko, og kan kreve endringer i egne policyer og styringssystemer. Virksomheters vellykkede håndtering av negativ påvirkning på mennesker, dyr samfunn og miljø er et avgjørende bidrag til FNs bærekraftsmål.



## 3.A Stanse, forebygge eller redusere

### 3.A.1 Beskriv mål og status for de tiltakene virksomheten har iverksatt for å redusere prioritert risiko

<b>Overordnet mål :</b>	<b>Utnytting av migrantarbeidarar / sesongarbeidarar</b>  Sikre anstendige og rettferdige arbeids- og buforhold for sesong/migrantarbeidarar i samsvar med nasjonale lovverk og industri standardar, slik at ingen blir behandla ulikt.
<b>Status :</b>	Pågåande
<b>Mål i rapporteringsåret :</b>	I rapporteringsåret har vi halde fram med fokus på nordisk frukt og bær og på arbeidsforholda for sesongarbeidarane og migrantarbeidarane hjå leverandørane våre.

#### Beskriv iverksatte eller planlagte tiltak :

Vi reviderer årleg bær-leverandørar i norden.

SAQ vert nytta som eit verktøy for kartlegging av utvalde leverandørar, særleg leverandørar utan GFSI-godkjend sertifisering og med identifisert høgare risiko, og vert som eit minimum gjennomført kvart tredje år.

Dei siste åra har vi hatt ekstra merksemd på nordiske bær. Som ein del av oppfølginga av risiko knytt til sesongarbeidarar har vi gjennomført hyppigare revisjonar, leverandørbesøk og dialog med leverandørar og relevante aktørar i bransjen.

I 2024 deltok Lerum i eit prosjekt i regi av Etisk handel Sverige: Wild Berry Initiative. Dette initiativet arbeider særleg med risiko knytt til rekruttering av bærplukkarar, reiseutgifter, arbeidstid og bustadforhold.

Lerum deltek aktivt i Wild Berry Initiative for å bidra til betre arbeidsforhold for sesongarbeidarar i bærbransjen. Oppfølging skjer gjennom dialog med leverandørar, revisjonar, leverandørbesøk og samarbeid med bransjeaktørar.

Eventuelle avvik eller observasjonar frå revisjonar vert følgde opp gjennom handlingsplanar og dialog med leverandørane, og vi krev dokumentasjon på korrigerande tiltak.

Sertifiseringar vert følgde opp gjennom dokumentkontroll, vurdering av revisjonsrapportar og løpande dialog med leverandørar.

Lerum vurderer òg informasjon frå bransjeinitiativ, media og relevante rapportar som del av oppfølginga av risiko knytt til sesongarbeidarar i bærbransjen.

**Beskriv faktiske eller forventede resultater av tiltaket, samt mål og aktiviteter for kommende rapporteringsår :**

I sum meiner vi at revisjonar, leverandørbesøk og tett dialog med langsiktige leverandørar bidreg til betre innsikt i arbeidsforholda hos leverandørane og til betre oppfølging av identifisert risiko.

Til dømes vert observasjonar og avvik følgde opp etter revisjon. Dette kan skje gjennom nye leverandørbesøk eller gjennom dokumentbasert oppfølging der vi krev dokumentasjon på korrigerande tiltak.

Vi vil halde fram arbeidet med å samarbeide med etablerte leverandørar og relevante bransjeinitiativ, og prioritere leverandørar med relevante sertifiseringar og system for oppfølging av arbeidsforhold.

	<b>Arbeidstakarrettar</b>
<b>Overordnet mål :</b>	Velje leverandørar som deler våre verdiar og prinsipp, som viser stor grad av openheit, og fokusere på å fremje anstendige arbeids- og miljøforhold i leverandørkjeda.
<b>Status :</b>	Løpande
<b>Mål i rapporteringsåret :</b>	Fortsette kartlegging av leverandørane, med særleg fokus på bærleverandørar.

**Beskriv iverksatte eller planlagte tiltak :**

Rutinar for samarbeid med nye leverandørar er etablerte for å førebyggje og redusere risiko. Sertifiseringar er eit viktig verkemiddel, og Lerum vel leverandørar som har relevante sertifiseringar. Sertifiseringar er eit viktig verktøy, og Lerum vel leverandørar som har dei rette sertifiseringane. Vidare er Lerum oppteken av langvarige og trygge relasjonar til leverandørane.

Val av leverandørar skjer med vekt på aktørar som arbeider systematisk med menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og antikorrupsjon, mellom anna gjennom deltaking i internasjonalt anerkjende initiativ som UN Global Compact og bruk av Sedex som kartleggings- og oppfølgingsverktøy. Vidare blir leverandørar med eiga CSR-rapportering eller andre berekraftige initiativ prioriterte.

Lerum legg òg vekt på leverandørar med etablerte system for sporbarheit, til dømes gjennom sertifiseringar eller andre dokumenterte løysingar.

Kjennskap til leverandørane er viktig for Lerum. Mange av våre leverandørar har levert til oss i mange år, og vi har gode og langsiktige samarbeidsforhold med dei fleste.

SAQ vert nytta som eit verktøy i kartlegging og oppfølging av utvalde leverandørar, særleg leverandørar utan GFSI-godkjend sertifisering innan råvarer og primæreemballasje, samt leverandørar som ikkje er tilknytte Sedex, basert på ei risikobasert vurdering.

**Beskriv faktiske eller forventede resultater av tiltaket, samt mål og aktiviteter for kommende rapporteringsår :**

I sum meiner vi at revisjonar, leverandørbesøk og tett dialog samt langsiktige leverandørforhold fører til ein god relasjon der vi kan bli trygg på at leverandøren leverer det som er avtalt. Dette gjeld både kvalitet men også andre krav, til dømes krav vi stiller gjennom våre etiske retningslinjer for leverandørar og vår policy for berekraftig forretningspraksis.

Til dømes vert alle observasjonar og avvik fulgt opp etter ein revisjon. Ofte er det eit nytt besøk året etter, men det kan og vere ein skrivebords-oppfølging der vi krev dokumentasjon på at avvika er lukka.

Vi skal fortsette den jobben vi har utført i mange år og som vi har tru på: Val av etablerte leverandørar med dei rette sertifiseringane og revisjon/SAQ av høg-risiko leverandørar.

	<b>Klimautslepp</b>
<b>Overordnet mål :</b>	Redusere CO2-utslepp
<b>Status :</b>	Pågåande
<b>Mål i rapporteringsåret :</b>	<p>I rapporteringsåret har me utarbeida miljørekneskap og sett mål for reduksjon av CO2.</p> <p>Kartlegge moglegheiter for innkjøp nærmare fabrikk for å redusere transport utslepp. Gjeld primært emballasje.</p> <p>Auke andel resirkulert i krympefolie</p>

#### Beskriv iverksatte eller planlagte tiltak :

Auka bruk av resirkulert papp. Plastreduksjon på strekkfilm. Redusere forbruket av papp ved å optimalisere trau, redusere høgd på trau og tjukkelse / kvalitet på papp.  
Større andel av resirkulert papp og mindre pappforbruk fører til mindre transport og reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp.

Solceller er ferdig montert. Anlegget er på 1,116 kvadratmeter og skal produsere ca 171 000 kWh/år. Dette tilsvarar ein estimert reduksjon i CO<sub>2</sub>-utslepp på 80 422 kg CO<sub>2</sub>/år. Ift risiko rundt innkjøp av solceller valgte vi ein kjent lokal leverandør og hadde tett dialog undervegs. Både solcellepanela og festemateriell var frå kjente leverandørar.

Vi har gått frå 5 til 4-dagers veke i produksjon. Dette har ført til meir effektiv bruk av energi fordi vi ikkje må stenge/starte opp igjen 5 ganger kvar veke. Dette i tillegg til isolering av damprøyrg og gjennvinning av varme i prosessane våre, har medført at vi har redusert straumforbruket med 22 % per liter produsert vare sidan 2018.

Har auke andel resirkulert materiale i krympefolien med 30 %

I 2024 relanserte Lerum alle sine saftprodukt for å få ei meir berekraftig saftportefølje og styrke kvar enkelt produktserie for forbrukar og daglegvarekjede. Lerum kutta alle flasker med mykje plast og med låg fyllingsgrad, og gjekk frå 6 til 2 flasker (1 stor og 1 lita) som hadde mindre plast, bruk av resirkulert plast, og med betre fyllingsgrad for heile porteføljen. Dette resulterte i 17% plastreduksjon og 80 tonn mindre plast. Tiltaka er i hovudsak knytte til eigen verksemd og innkjøp i Noreg, og er prioriterte basert på identifisert risiko knytt til klima og utslepp i vår verdikjede.

#### Beskriv faktiske eller forventede resultater av tiltaket, samt mål og aktiviteter for kommende rapporteringsår :

Redusere klimautslepp ved å optimalisere plast og papp-emballasje. T.d har vi gått frå 17 µm til 10 µm strekkfilm og sparar 6000-7000 kg plast per år på dette tiltaket.

Solceller vil produsere deler av energi-behovet vårt. Av andre tiltak har vi redusert temperaturen på bygget og bytt gamle lyskilder med LED-lys.

Vi vil videreføre arbeidet med emballasjeoptimalisering og andre tiltak for å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa i 2026. Arbeidet er ein integrert del av vår strategi og pågår kontinuerleg.

Relanseringa av saftporteføljen, der vi gjekk frå 6 til 2 flasketypar, har gitt ein reduksjon på om lag 80 tonn plast årleg. Dette arbeidet blei anerkjent gjennom tildeling av Plastløfteprisen i 2025.

I 2025 produserte solcelleanlegget vårt 152 988 kWh, noko som bidrog til redusert bruk av ekstern energi og lågare klimafotavtrykk.

## 3.B Andre tiltak for å håndtere risiko for negativ påvirkning/skade

### 3.B.1 Reduksjon av natur- og miljøpåvirkning

Gjennom våre egne produksjonsprosesser og ansvarleg innkjøp, kan vi bidra til å redusere negative miljøpåverkingar.

I våre egne produksjonsprosesser har Lerum dei siste åra sett i gang ei rekke prosjekt for å redusere energiforbruk, vassforbruk og bidra til det grøne skiftet. Vi er ei bedrift som har nærast 100 % fossilfri energibruk via elkraft og gjenvinning. Gjennom bruk av effektivt utstyr og ny teknologi gjenvinn vi overskotsvarme frå produksjonsprosessen og kjøl-/frysemaskin til dampproduksjon, oppvarming og forvarming av varmt tappevatn. Vi har interne prosedyrar og rutinar for oppfølging og rapportering av vårt energi- og vassforbruk.

I 2017 inngjekk vi sektorsamarbeid ved signering av bransjeavtalen om reduksjon av matsvinn, og dermed bidra til å redusere vårt karbonavtrykk. Bransjeavtalens overordna mål er å redusere matsvinnet i Norge med 50% innan 2030.

Med ansvarleg val av råvarer og emballasje kan vi bidra til å redusere negative miljøpåverkingar på fleire måtar. Døme på dette er:

- Vi prioriterer å kjøpe kortreist frukt og bær der dette er mogleg.
- Vi kontrollerer om råvarer levert til Lerum inneheld palmeolje, for å sikre at berre berekraftig, sertifisert og sporbar palmeolje vert nytta hjå leverandørane våre.
- Emballasjen til saft- og brusflasker er rPET-preformer som inngår i pantesystemet («reduce, reuse, recycle and renew»).
- Alle juskartongar og bølgjepapp er FSC-merkte, noko som sikrar ansvarleg og berekraftig forvaltning av skogressursar.
- All emballasje hjå Lerum skal vere attvinnbar.
- Vi er kontrollmedlem i Grønt Punkt Norge, noko som forpliktar oss til å velje leverandørar i Noreg som òg er medlemar, for å sikre finansiering av returordningar for emballasje.
- All emballasje inn og ut av fabrikk skal vere optimalisert.

Med ansvarleg val av leverandørar kan me redusere negativ påvirkning/skade på menneske:

- Val av leverandørar med relevante sertifiseringar
- Løpande kartlegging og vurdering av leverandørar
- Fokus på langvarige leverandørforhold

Lerum har utarbeidd klimarekneskap sidan 2019, og arbeider vidare med dette for å redusere CO<sub>2</sub>-avtrykket over tid. Klimarekneskapet gir oss eit viktig datagrunnlag for å prioritere rette tiltak for reduksjon av klimautslepp.

### 3.B.2 Reduksjon av klimagassutslipp

Lerum har jobba med mange ulike prosjekt for reduksjon av klimagassutslipp dei siste åra. Under kjem diverse dømer.

2023:

- Lokale innkjøp: Vi kjøper råvarer og emballasje lokalt om mogleg
- Optimalisering av emballasje både inn/ut av fabrikk.
- Varmepumper på huset
- Gjenvinning av overskotsvarme
- Reduksjon av energiforbruk
- Montering av solceller
- Redusere temperatur på fabrikk
- Bytte gamle lys til led
- Skru av lys og maskiner ved pausar ol.

2024

- Lokale innkjøp: Vi kjøper råvarer og emballasje lokalt om mogleg.
- Optimalisering av emballasje både inn/ut av fabrikk.
- Lettare preformer
- 30% resirkulert materiale i krympefilm
- Fjerning av halsetikett = fjerning av unødvendig plast
- Enøktiltak fabrikk herunder strøm fra solceller mm
- Relansering av saftportefølga og gått frå 6 til 2 flaskeformer. Redusert plast med 80 tonn pr år.

2025

- Lokale innkjøp: Vidare arbeid med auka bruk av norske råvarer der det er mogleg.
- Optimalisering av transport og logistikk.
- Auka bruk av resirkulerbart og resirkulert emballasjemateriale.
- Vidare arbeid med energieffektivisering i fabrikk.
- Oppfølging av reduksjon i plastforbruk i emballasje.
- Forbetring av sortering og gjenvinning av avfall i produksjonen.
- Vidare bruk og optimalisering av solcelleanlegget.

### 3.B.3 Tilpasning av egen innkjøpspraksis

Lerum er ei familiebedrift som har eksistert i 119 år. Vi ønskjer å ha eit langsiktig forhold til leverandørar og samarbeidspartnarar som deler våre verdiar, og som ønskjer å fremje anstendige arbeids- og miljøforhold i leverandørkjeda. Mange av våre leverandørar har levert til oss i mange år, og vi har eit langsiktig forhold til dei fleste.

Mange av råvarene vi kjøper er sesongavhengige, og kvalitet/tilgjenge kan variere frå år til år. På grunn av dette inngår vi langsiktige kontraktar og samarbeid for våre innkjøp, for å sikra at kvalitetskrava våre er fulgt og at varene er levert til avtalt tid. Dette gir leverandøren trygghet for å planlegge sesongen og nødvendig innleige av arbeidskraft, som bærplukkarar til dømes.

Vi har aktivt jobba med å lage eit betre prognosesystem og dette gjer at leverandøren lettare kan planlegge produksjon. Vi nyttar prognosesystem for å gi leverandørane forutsigbarheit. I tillegg inngår vi avtalar med ein tidshorisont som strekk seg over fleire år og/eller fleire uttak av produkt.

God innkjøpspraksis og samarbeid resulterer i gode, langsiktige relasjonar med våre leverandørar, som er av stor betydning for oss. I tillegg sikrar dette at fabrikkene vår fungerer godt, og at vi har tid til å planlegge kapasiteten framover.

I 2025 arbeidde vi med å etablere ei rutine for ansvarleg innkjøpspraksis, og arbeidet er framleis pågåande per i dag.

Gjennom Wild Berry Initiative, forklart under punkt 1.B.1, vil vi tilpasse innkjøpspraksisen vår for å handtere eit høgare prisnivå som følge av implementering av EPP (Employer Pays Principle).

---

### 3.B.4 Valg av produkter og sertifiseringer

Val og utvikling av produkt basert på kriterium for berekraft kan vere svært effektivt for å førebygga og redusere risiko.

Vi meiner at vi kan skape ein forskjell med val av sertifiserte leverandørar, og leverandørar som har fokus på menneske, berekraft og miljø.

Dei fleste av leverandørane våre er sertifiserte, og vi prioriterer val av sertifiserte leverandørar der det er mogleg.

I tillegg til krav til relevante kvalitetssertifiseringar kan dette bidra til å redusere negative påverkingar på viktige område som sporbarheit og systematisk leverandør oppfølging.

Fleire av leverandørane våre nyttar eller er knytte til globalt anerkjende initiativ og verktøy med fokus på menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og antikorrupsjon, til dømes UN Global Compact, Etisk Handel Norge og Sedex.


Informasjon frå slike verktøy vert vurdert saman med eigen risikovurdering, dialog og oppfølging.

Spesifikke sertifiseringar som vi stiller krav til eller følgjer opp:

- GFSI-akkrediterte sertifiseringar
- BRCGS
- FSSC 22000
- IFS Food
- SQF

## Indikator

### Andel av råvarer og emballasje med GFSI-godkjent sertifisering



Auken i andelen råvarer uten GFSI-sertifisering skuldast i hovudsak auka innkjøp av norske råvarer frå norske-små leverandørar. Dette er i tråd med Lerums mål om å støtte lokal verdiskaping, bidra til berekraftige leverandørkjeder og redusere transportrelaterte klimagassutslipp. Sjølv om norske-små leverandørar ikkje har GFSI-sertifisering, vert dei fulgt opp gjennom Lerum sine egne kvalitets- og leverandør oppfølgingsrutinar.

#### 3.B.5 Støtte aktivt opp om fri fagorganisering og kollektive forhandlingar, eller der lovverket ikkje tillater dette, støtte aktivt opp om andre former for demokratisk valgt arbeiderrepresentasjon

Retten til fagorganisering og kollektive forhandlingar er forankra i våre etiske retningslinjer for leverandørar og policy for berekraftig forretningspraksis. 100% av våre leverandørar har signert våre etiske retningslinjer eller har tilsvarande retningslinjer.

Lerum stiller framleis spørsmål om arbeidsvilkår og relevante arbeidsrettslege forhold gjennom SAQ og leverandør oppfølging.

#### 3.B.6 Bidrag til utvikling, kompetanseheving og opplæring internt og av leverandørar og arbeidere i leverandørkjeden

Vi meiner det kan vere behov for kompetanseheving hjå småskalaleverandørane våre for å skape ei betre forståing rundt arbeidet med etisk handel, og for å påverke andre lenger ned i leverandørkjeda (produsentar og fruktbønder).

Ansikt til ansikt dialog ved leverandørbesøk eller på oppfølgingsmøte fungerer som eit effektivt tiltak for å styrka gjensidige forståing rundt arbeidet med etisk handel og utfordringar som kan oppstå, samt samarbeid med mellomledda.

#### 3.B.7 Bekjempelse av korrupsjon og bestikkelsar i egen virksomhet og leverandørkjeden

I Lerum har vi interne etiske retningslinjer som seier korleis vi skal handtere korrupsjon og bestikkelsar. Desse må alle tilsette vere kjende med.

Mot våre leverandørar har vi etiske retningslinjer samt vår policy for berekraftig forretningspraksis. Begge inneheld punkt om korrupsjon og bestikkelsar. 100% av våre leverandørar har godkjent våre etiske retningslinjer og/eller har tilsvarande retningslinjer.

### **3.B.8 Annen relevant informasjon for hvordan dere arbeider med å redusere, forhindre og håndtere negativ påvirkning**

I 2025 har Lerum halde fram kartlegginga av leverandørane våre basert på utsende spørjeskjema til utvalde leverandørar, noko som har gitt oss eit oversyn over våre risikoområde. Vi har mellom anna kartlagt forhold knytte til migrant- og sesongarbeidarar, bemanningsbyrå, tariffavtale og fagorganisering, samt system og/eller rutinar for oppfølging av leverandørar. Dette gjer at vi har ein betre forståelse for risiko i vår leverandørkjede og kan sette i gang tiltak for å handtere negativ påverknad der det trengst.



## 4

# Overvåking av gjennomføring og resultater

Overvåkning av gjennomføring og resultater handler om å måle effekten av systematikken og eget arbeid i hvert trinn i aktsomhetsvurderingene, og viser hvorvidt virksomheten gjør gode aktsomhetsvurderinger. Virksomheten må ha systematikk og rutiner på plass for å kunne fange opp og kritisk vurdere egne konklusjoner, prioriteringer og tiltak som er gjort som en del av aktsomhetsvurderinger. Eksempelvis: Er kartlegging og prioritering av mest negativ påvirkning gjort på en faglig god og troverdig måte, og som reflekterer de faktiske forholdene? Virker tiltakene for å stanse, forebygge og/eller redusere virksomhetens negative påvirkning/skade etter hensikten? Er skade gjenopprettet der det er relevant? Dette kan gjelde tiltak virksomheten gjør selv og som utføres av eller i samarbeid med andre. Erfaringene virksomheten gjør seg med arbeidet med aktsomhetsvurderinger brukes for å forbedre prosesser og resultater i fremtiden.

## 4.A Overvåkning og evaluering

### 4.A.1 Beskriv a) hvem som har ansvar for å overvåke effekten og resultatene av tiltak iverksatt og hvordan dette gjennomføres i praksis, b) hvem som har ansvar for å evaluere arbeidet med aktsomhetsvurderinger, og hvordan dette gjennomføres i praksis

Ansvar er delt internt i bedrifta avhengig av tiltaket. Administrerende direktør har det overordna ansvaret, medan ein delt stilling i innkjøpsavdelinga har det operative ansvaret.

I praksis blir overvåking og evaluering gjennomført via datainnsamling, rapportering og revisjonar. Dette arbeidet vert utført av personen på innkjøp som sit med ansvaret for oppfølging av Etisk Handel. Fleire i innkjøps-avdelinga og andre avdelingar deltek også i dette arbeidet, til dømes kvalitet. Vi har årleg gjennomgang av leverandørar, råvarer og emballasje i eit tverrfagleg team. Dette er viktig for å avdekke avvik. Teamet består av innkjøp, PU, lab og kvalitet.

Me har fleire årlege vurderingar som tek sosiale- etiske- og miljømessige faktorar med i vurderingane

- Årleg leverandørevaluering
- Årleg risikovurdering av råvarer og emballasje
- Årleg sårbarheitsvurdering av råvarer og emballasje

Resultat frå desse vurderingane vert brukte til å evaluere effekten av tiltaka og til å justere prioriteringar i arbeidet med ansvarleg leverandørkjede.

---

### 4.A.2 Beskriv hvordan dere sannsynliggjør og/ eller måler effekten av tiltak for å redusere risiko

Lerum har opparbeidd eit godt system over mange år med krav til leverandørar og eit sterkt fokus på lange og gode leverandørforhold. Fordi dette har vore fokus har vi ikkje bytta leverandørar frå år til år basert på pris - men heller fokusert på å forbetra våre leverandørar.

I tillegg kjøper vi nesten alle våre råvarer og emballasje via sertifiserte leverandørar - i hovudsak GFSI-ankjent sertifisering. Vi har kontroll på kvar alle innsatsfaktorar er produsert og kartlegg på produsent-nivå.

I sum har vi god oversikt over leverandørkjeda og jobbar kontinuerleg med å hente inn informasjon og data for å halde ossdlrp wp dnjs oppdatert. Totalen av alle våre tiltak er det som tryggar oss i at dette fungerer.

Effekten av tiltaka vert vurdert gjennom revisjonar, leverandør oppfølging, risikovurderingar og analysar av avvik og observasjonar i leverandørkjeda. Desse resultatata vert nytta som indikatorar for å vurdere framgang og for å tilpasse vidare tiltak.

Under er eit døme frå tidlegare på korleis trygge og lange leverandørforhold gagnar oss.

I 2021 fekk vi via ulike informasjonskjelder informasjon om at låge prisar på bær i Sverige kunne skuldast juks med arbeidstid og/eller lønn. På bakgrunn av dette kontakta Lerum EHN for å sjekke opp i desse påstandane. Resultatet vart at vi valde å kjøpe inn bær til ein høgare pris hjå ein leverandør vi har hatt eit langt forretningssamarbeid med.

Det at Lerum fremma gode og lange leverandørrelasjonar førte i tilfellet over til at me fekk tilgang på viktig informasjon som igjen førte til at vi kunne forebyggje negativ påverknad.

The image shows two glasses of apple crumble dessert. Each glass contains a layer of yellow apple sauce at the bottom, followed by a layer of white cream, and topped with a layer of golden-brown crumble. The glasses are on a light-colored, patterned cloth. In the background, several apples in various colors (red, yellow, green) are blurred, suggesting a fresh, natural setting.

## 5

# Kommunikasjon av hvordan negativ påvirkning/skade er håndtert

Forutsetningen for god ekstern kommunikasjon om arbeidet knyttet til virksomheters aktsomhetsvurderinger for bærekraftig forretningspraksis er at den bygger på konkrete aktiviteter og resultater. Virksomheten skal kommunisere offentlig om relevante styringsdokumentet knyttet til aktsomhetsvurderinger, eksempelvis policyer, retningslinjer, prosesser og aktiviteter knyttet til å identifisere og håndtere virksomhetens faktiske og potensielle negative påvirkning på mennesker, dyr, samfunn og miljø. Kommunikasjonen bør inkludere hvordan risikoen er avdekket og håndtert, samt hvilke effekter man oppnådde av tiltakene/aktivitetene. Etter åpenhetslovens §4 skal virksomheter som er omfattet årlig offentliggjøre en redegjørelse for aktsomhetsvurderinger.

## 5.A. Kommunisere eksternt

### 5.A.1 Beskriv hvordan virksomheten kommuniserer med berørte interessenter om håndteringen av negativ påvirkning/skade

Internt er arbeidet rundt etisk handel godt forankra i bedrifta. Tema vert teke opp på ulike møte, informasjonsmøte og avdelingsmøte då det står fast på agendaen til dømes.

Enkelt saker handterast i interessentdialog og gjennom jamnlege statusmøter internt/eksternt.

Eksternt er vårt arbeid med berekraftig forretningspraksis og medlemskapet i Etisk handel Norge kommunisert gjennom ulike kommunikasjonskanalar til ulike berørte interessentar.

Informasjon om korleis arbeidet er forankra og drive fram i bedrifta kan forteljast i ulike anledningar med interessentar, på møte, ved besøk eller pr e-post/telefon.

Utfylling av spørjeskjema frå kundar kan vere ei god anledning til å dele informasjon om vårt arbeid med berekraftig forretningspraksis. Informasjon om våre verdiar, kva system og policy vi har på plass, kva risiko vi har kartlagt og prioritert, og tiltak vi har implementert for å bidra til å redusere negative påverkingar i leverandørkjeda.

Med handtering av enkeltesaker av negativ påverking er det særleg viktig for oss å ha eit godt samarbeid og kommunikasjon med våre leverandørar, for å informere dei som kan bli berørt av våre forretningshandlingar (eller forretningshandlingar av våre leverandørar).

Link:

<https://www.lerum.no/berekraft>

<https://www.lerum.no/rapporter>

Strategien for 22-26 ligg tett på verdiane som tilsette og eigarar i Lerum deler:

Naturen - Redusere klimaavtrykket og sikre sikre framtidig verkstvilkår for frukt og bær.

Foredling - Foredle frukt og bær, frå hausting til emballering av sluttprodukt.

Ernæring - Å auke det ernæringsmessige utbytte ved konsum av våre produkt.

Menneske - Tilfredsheit og livskvalitet for tilsette i Lerum og våre underleverandørar, samt forbrukarane si tilfredsheit med våre produkt og vår merkevare.

Lokalsamfunnet - Utvikle samfunnet som vi er ein del av gjennom samarbeid og auke kjærleiken til frukt og bær for alle.

---

### 5.A.2 Beskriv hvordan virksomheten kommuniserer offentlig rundt eget arbeid med kartlegging og håndtering av negativ påvirkning/skade

Informasjon om vår satsing på samfunnsansvar og miljø er publisert på vår nettside under "ta vare på."

<https://www.lerum.no/berekraft>

Vårt arbeid med etisk handel vert rapportert årleg til Etisk handel Norge, og rapporten er offentleg tilgjengeleg.

<https://www.lerum.no/rapporter>

Lerum har òg policy for berekraftig forretningspraksis som er delt på våre nettsider og informert om internt i bedrifta.

### **5.A.3 Beskriv virksomhetens rutine for å ivareta og besvare eksterne henvendelser relatert til informasjonskravet pålagt virksomheter under åpenhetsloven.**

Lerum si nettside har eit kontaktskjema under «Kontakt oss» der eksterne partar kan sende inn spørsmål eller førespurnader knytt til etisk handel og openheitslova.

Førespurnader vert sende vidare til ansvarleg person for etisk handel og leverandøroppfølging i Lerum. Ved behov vert relevante fagpersonar frå innkjøp, kvalitet, laboratoriet eller PU involverte for å sikre eit korrekt og fullstendig svar.

Alle førespurnader vert vurderte og handterte i tråd med rutinane våre for informasjonskrav etter openheitslova, og Lerum svarer innan rimeleg tid i samsvar med lovkrava.

Lerum publiserte ei utgreiing om openheitslova i 2024 på nettsida si. Utgreiinga for 2025 er under arbeid.

Per i dag har Lerum ikkje motteke formelle førespurnader knytt til openheitslova. Eventuelle førespurnader vil bli handterte i tråd med rutinane våre for aktsomheitsvurderingar og openheit i leverandørkjeda.

A close-up photograph of cherry blossoms in various stages of bloom. The flowers are primarily white with delicate pink or magenta streaks and tints. They are clustered together on a dark brown branch, surrounded by vibrant green, serrated leaves. The background is a soft, out-of-focus green, suggesting a lush garden or orchard setting. The lighting is bright and natural, highlighting the textures of the petals and leaves.

## 6

### Gjenoppretting der dette er påkrevd

Når en virksomhet har identifisert at den har forårsaket eller bidratt til skade på mennesker, dyr, samfunn eller miljø håndteres skaden gjennom å sørge for gjenoppretting, eller samarbeide om gjenoppretting. Gjenoppretting kan innebære økonomisk erstatning eller kompensasjon, en offentlig beklagelse, eller at skaden på annet vis rettes opp. Det handler også om å sørge for tilgang til klageordninger for arbeidere og/eller lokalsamfunn slik at de kan få sin sak hørt og håndtert.

## 6.A Gjenoppretting

### 6.A.1 Beskriv virksomhetens policy for gjenoppretting ved negative konsekvenser

Ved å vere medlem av Etisk handel Norge har vi forplikta oss til å arbeide for berekraftig forretningspraksis som respekterer menneske, samfunn og miljø. Vi jobbar aktivt med leverandørane våre for å bidra til kontinuierlege forbetringar i leverandørkjeda. Dette er i tråd med Etisk handel Noregs prinsipperklæring og våre etiske retningslinjer for leverandørar.

Ved brot på dei etiske retningslinjene vil vi samarbeide med leverandøren vår og eventuelle mellomledd for å utarbeide ein plan for korrigerande tiltak innan ein avtalt frist.

Leverandøren må dokumentere at avvika vert retta opp. Dersom leverandøren ikkje viser vilje til samarbeid eller til å gjennomføre nødvendige forbetringar, kan det føre til ytterlegare oppfølging eller i siste instans avslutning av leverandørforholdet.

Dette arbeidet er forankra i kvalitetssystemet vårt gjennom policy for berekraftig forretningspraksis og Code of Conduct for leverandørar.

---

### Beskriv eventuelle tilfeller av gjenoppretting i rapporteringsperioden

Det har ikkje vore gjennomført konkrete gjenopprettingstiltak i rapporteringsåret.

Lerum har likevel hatt tett dialog med aktuelle leverandørar i samband med bærplukkarsaka i Sverige og Finland. Fleire bærleverandørar er direkte eller indirekte råka, og saka vert følgt opp gjennom dialog med leverandørar og relevante bransjeaktørar.

Oppfølginga omfattar mellom anna revisjonar, leverandørbesøk og krav om dokumentasjon frå leverandørane knytt til arbeidsforhold for sesongarbeidarar, bustadforhold og kostnader knytt til reise og opphald.

Lerum deltek også i bransjeinitiativ knytt til nordisk bærplukking. Arbeidet med implementering av Employer Pays Principle (EPP) er ein del av dette arbeidet fram mot 2026, med mål om å førebygge framtidige brot og styrkje mekanismar for ansvarleg gjenoppretting.

## 6.B Sikre tilgang til klagemekanismer

### 6.B.1 Beskriv hva virksomheten gjør for å sikre at ansatte og andre interessenter, spesielt påvirkede arbeidere og lokalsamfunn har tilgang til varslingskanaler og klagemekanismer

Internt har vi gode rutinar og prosedyrar på plass for eigen klagebehandling, både for bedrifts- og forbrukarmarknaden. Våre tilsette er representert ved tillitsvalde og verneombud, med tilgang til eit elektronisk registreringssystem for forbettringsforslag, HMS- avvik og eit eksternt varslingsinstitutt dersom ein ikkje vil varsle internt.

Våre etiske retningslinjer for leverandørar inkluderer eit prinsipp om at våre leverandørar skal ha eit velfungerande system for handtering av klagar knytta til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og korrupsjon.

Informasjon om varslingskanalar og klagemekanismer vert formidla til tilsette gjennom interne rutinar, opplæring og HMS-arbeid. Eksternt vert informasjon gjort tilgjengeleg gjennom våre etiske retningslinjer for leverandørar og dialog med leverandørar.

Dersom det vert meldt om eller avdekt mogleg negativ påverknad, vert saka vurdert internt og følgd opp gjennom dialog med leverandørar og eventuelle korrigerande tiltak.

Kontaktinformasjon:

Lerum AS

Eunsun Park, Innkjøper og Etisk Handel Ansvarleg

[eunsun.park@lerum.no](mailto:eunsun.park@lerum.no)